

Månad: Desember 2017

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor		
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 337	1 463	-126	1 595	-258	17 562	18 250	-688	18 599	-1 037
Tal utskrivne pasientar	81	91	-10	91	-10	1 047	1 090	-43	1 181	-134
Poliklinisk dagbehandling	31	25	6	41	-10	443	300	143	410	33
Polikliniske kons. m/refusjon	1 841	1 954	-113	2 008	-167	26 870	23 500	3 370	24 623	2 247
Rus										
Tal heildøgnsopphald	615	633	-18	614	1	6 968	7 890	-922	7 726	-758
Tal utskrivne pasientar	17	15	2	14	3	213	181	32	188	25
Polikliniske kons. m/refusjon	241	283	-42	273	-32	3 003	3 400	-397	3 154	-151
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	71	109	-38	117	-46	1 145	1 200	-55	1 085	60
Tal utskrivne pasientar UPH	2	8	-6	5	-3	87	100	-13	91	-4
Polikliniske kons. m/refusjon	1 113	1 603	-490	1 288	-175	16 384	19 100	-2 716	17 713	-1 329

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktivitet innanfor psykisk helsevern er litt lågare enn plan i perioden, både for døgnpostar og poliklinikk. Beleggsprosenten på DPS'a er 70 % i snitt. Akuttposten hadde 77 % belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn budsjet, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 70 % i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden ved poliklinikkane. 38 % belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret.

Beleggsprosent døgnsesjonar


Beleggsprosenten i perioden er 70 % i snitt på DPS'a, og 70 % på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 38 % i perioden.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	33 119	33 119	-0	360 400	360 400	-0
ISF eigne pasientar	1 232	1 800	-568	18 484	21 550	-3 066
Gjestepasientar	220	183	37	1 229	2 200	-971
Polikniske inntekter	4	-	4	63	-	63
Andre øyremerka tilskot	481	114	367	2 014	1 364	650
Andre driftsinntekter	724	861	-137	9 576	9 586	-10
Sum driftsinntekter	35 780	36 076	-296	391 766	395 100	-3 334
Kjøp av offentlege helsetenester	2 582	1 213	-1 369	22 039	14 552	-7 486
Kjøp av private helsetenester	77	134	57	2 277	1 607	-669
Varekostnader knytt til aktivitet	155	377	222	4 336	4 532	195
Innleige av personell	1 554	382	-1 172	12 128	9 900	-2 228
Løn til fast tilsette	23 684	24 540	856	250 656	256 433	5 777
Overtid og ekstrahjelp	787	678	-109	7 510	7 896	386
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 798	4 798	0	57 120	57 120	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-1 259	-702	557	-12 094	-8 421	3 673
Anna løn	3 274	3 446	173	34 933	37 102	2 169
Andre driftskostnader	2 013	1 210	-803	14 879	14 379	-500
Sum driftskostnader	37 664	36 076	-1 588	393 782	395 100	1 317
Driftsresultat	-1 884	0	-1 884	-2 017	0	-2 017

Perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,3 mill. lågare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter (ISF) er lågare enn budsjett i perioden fordi ein del av PHV sine inntekter er bokført på budsjetteknisk område i Helse Førde. Beløpet er om lag 0,42 mill. per månad, og i styresak om budsjett for 2017 er det vedteke at vi skal få tilført dei manglande inntektene som er tildelt frå Helse Vest på eit seinare tidspunkt. Reelle inntekter i perioden er såleis 0,42 mill. høgare enn bokførte inntekter.

I desember har det vore høge kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak. Vi betalar for fire tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 1,4 mill. høgare enn budsjett.

Vi har hatt meir innleige av helsepersonell enn planlagt fordi vi ikkje har greidd å rekruttere overlegar til ledige stillingar slik vi budsjetterte med frå hausten 2017. Løn til tilsette er lågare enn budsjett, og samla sett er personalkostnadene i perioden 0,3 mill. lågare enn budsjett.

Totale kostnader i perioden er 1,6 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 1,9 millionar svakare enn budsjett. Reelt resultat for perioden er 1,4 mill. svakare enn budsjett når vi tek omsyn til basisinntekt som vert tilført på eit seinare tidspunkt.

Akkumulert:


Bokførte inntekter er 3,3 mill. lågare enn budsjett. Årsaka til dette er hovudsakleg at vi ikkje har fått full betaling for utført aktivitet. Vi manglar om lag 5,1 mill. i inntekter som førebels er bokført sentralt i Helse Førde. Vi har til no i år hatt litt færre gjestepasientar frå andre regionar enn venta, og desse inntektene er om lag 1 mill. lågare enn budsjett. Diverse andre inntekter er om lag 0,7 mill. høgare enn budsjett.

Samla sett er driftskostnadene 1,3 mill. lågare enn budsjett i år. Hovudforklaringa er lågare personalkostnader som følgje av vakante stillingar og at tilsette har hatt permisjon utan løn. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar har vore høge i år på grunn av dyre tryggleiksplassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 2,4 mill. i månaden for å kjøpe fire slike plassar.

Resultatet for 2017 er 3,1 millionar betre enn budsjett, når vi tek omsyn til basisinntekt som er haldt tilbake. Dette er litt svakare enn prognosen vi har varsla, på grunn av uvanleg høge kostnader til gjestepasientar dei siste månadene i året.

MEDARBEIDARAR


Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid.

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 422. For eit år sidan var dette talet 428.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 8,9 % i november mot 6,3 % i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråværet siste 12 månader var 6,9 %. For eit år sidan var dette talet 6,9 %.

KVALITET

Epikrise




I desember var 94 prosent av epikrisene sendt innan fristen.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i desember 2017.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 157 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 24 dagar.

I same periode i 2016 var det 209 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 25 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2016-des	27
2017-jan	34
2017-feb	26
2017-mar	29
2017-apr	31
2017-mai	30
2017-jun	33
2017-jul	31
2017-aug	39
2017-sep	26
2017-okt	26
2017-nov	27
2017-des	28

Dei 127 pasientane som har fått starta si behandling i perioden har i snitt venta 28 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2016 var det 120 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar før dei fekk starta si behandling.

Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved periodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	20	13 %
11-30	98	62 %
31-90	39	25 %
91-180		
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte i Psykisk helsevern.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	0	0 %

Ingen fristbrot i PHV i perioden.